

Både 8- og 9-åringane her med i Tårnagentane**17.12.2010**

Kyrkjerådet i samarbeid med Søndagsskulen lanserer no eit nasjonalt opplegg som kallast Tårnagentane og som har alle 8-åringane som målgruppe.

Arrangørane drøymer om at minst 10.000 8-åringar skal samlast ei helg og oppleve å vera tårnagentar.

I denne helga, som i Uskedalen blir 5. og 6. februar, skal ein la barna oppleva kyrkja, tårnet, bibelen og fellesskapen.. Dei skal utfordre seg sjølv, kyrkjelyden og nærmiljøet med oppdrag som startar i bibelfortelingane, heiter det i innbydinga.

Her i Uskedalen skal også 9-åringane vera med. Dermed kjem ein opp i 30 og opplegget er ope for ale, opplyser sokneprest Kristian Due til uskedalen.no.

Før og i jula vil barne-TV-serien om Tårnagentane bli vist på NRK Super og første sending er allereie i morgen. Silje, Markus og Bendik har ein spennande klubb dei kallar Tårnagentane. Klubbmøta blir haldne i tårnet iden gamle kyrkja. No skal dei hjelpe folk med å finna julegåver. Men så blirdei innvia i ein gammal løyndom i tårnet.....

Etter at serien er sendt kan barna sjølv få oppleva å vera agentar, løyse oppdrag og utforske kyrkjemiljøet. Det er laga ei programpakke på www.tarnagenthelg.no

Kyrkjelydane sjølv står for gjennomføringa.

Av Ola Matti Mathisen